



Dei lovande ski-jentene, Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland, er i gang med sesongen.

Trass i lite samarbeidsvillige treningstilhøve er no 3 av dei ivrige langrennsløparane frå Uskedalen i gang med konkurransesesongen. Dei deltok søndag i det tradisjonsrike Røldalsrennet. Rennet samla rekorddeltaking med 147 deltakarar, og måtte på grunn av veret flyttast frå lørdag til søndag.

Mildveret med mykje regn og vind, og manglande snø, er den naturlege årsaka til at Uskedals-løparane har minimalt med skitrening. Det begrensar seg til ein tur til Røldal og eit par økter i Fjellhaugen. For dei ivrige løparane var det nok kjekt å koma skikkeleg i gang, og ut frå føresetnaden har dei svært god grunn til å vere nøgd mest prestasjonane sine.

Ingebjørg Haugland vart nr. 2, etter Ingunn Jekteberg frå Bykle, i K 19-20 år. Ho fekk tida 17.48 min i rennet på 5 km klassisk. Kari Bråtun fekk 1.plass i K-18 år, og ho brukte 18.35 på same distanse i same stilart. Kari og Ingebjørg har gjennom fleire sesongar vore motorar og flotte førebilete i det gode langrennsmiljøet i Uskedalen. I Røldalsrennet hadde dei med seg bror til Ingebjørg, Torbjørn Haugland, som gjennomførte 2 km i klasse G-10 år på fine 6.10 min. I dei yngste klassane er det ikkje plassrangering, og etter det vi kjenner til var det første gang Torbjørn deltok i renn utanfor kommunen.

Søskenbarna til Ingebjørg og Torbjørn, Synne og Elise Eikeland frå Sandnes, deltok og. Elise gjekk 2 km på 5.25 min i klasse J-9 år, og Synne vart nr.2 då ho gjekk 3 km på 10.11 i klasse J-12 år.

Vi nemner og at beste mannlege løpar vart Torgeir Skare Tygesen frå Korlevoll som debuterte i World Cup like

før jul.

Rennet vart som nemnt flytta frå lørdag til søndag på grunn av veret. Søndag var vertilhøva bra med 2 plussgrader og duskregn under rennet. Det var lite snø og litt glatt og isete spor, men arrangørane gjorde ein svært god jobb. Dei var og godt fornøgd både med arrangementet og deltakinga.

No er det berre å håpe at det snart vert gode snøforhold i Fjellhaugen. Det er mange som har lagt ned eit godt førebuingarbeid til sesongen, og det er nok fleire enn dei som deltok i Røldal som kriblar etter å komme i gang.

Av: Thor Inge Døssland.